

Referat

FAU-møte Rosseland skule

4. juni 2020

Sak 1 – Gjennomgang av kvalitetsplan for SFO

- FAU meiner at føresette bør bli gjort merksame på at det er moglegheit for endringar i SFO si opningstid
- Det har tidlegare ikkje vore mange nok som har ønska å benytte seg av SFO fram til klokka 16.30 til at det har vore økonomisk forsvarleg
- FAU ønskjer ein moglegheit for å kartleggje desse behova på nytt, samt gje betre informasjon til dei føresette om at forlenga opningstid faktisk er mogleg å diskutere
- Kanskje den årlege spørjeundersøkinga kan kartleggje kva behov kvar familie har med tanke på opningstider
- FAU etterlyser tal på kor mykje utvida opningstid vil kosta
- FAU er positive til at SFO-personalet også er tilsette i skulen – dette skaper eit trygt og godt miljø for ungane
- Kan føresette få trivselsundersøkinga frå SFO på SchoolLink eller liknande plattform som skulen nyttar, slik at det vert enklare å svare?
- Det er flott at SFO serverer god og variert mat
- Undersøkingar og inntrykk er at SFO-trivselen og –kvaliteten har auka i takt med kvalitetssikringa

Sak 2 – Ulike starttidspunkt i skulen

- FAU ønskjer å spele inn moglegheita for delte starttider og friminutt til hausten
 - Det har vore rolegare og meir oversikteleg å la elevane starte og ha friminutt til ulike klokkeslett. Går det an å fortsetje med dette til hausten?
 - Rektor seier at lærarane fortel om meir ro, at elevane leiker betre saman i sine klassar og at konfliktnivået kan sjå ut til å vere noko redusert
 - Kan dette fungera for lærarane, med tanke på blant anna vaktordningar i friminutta?

Sak 3 – Avslutning 7. trinn

- 7. trinn får gjennomføre klassevise avsluntringar før sommaren
- Diverse smitteverntiltak er gjort for at dette kan gjennomførast: berre ein voksen får følgja kvar elev og det vert grilling med porsjonsutdelingar av mat til alle
- Rektor vil også gje trinnet avslutning som vanleg, men dele trinnet i to for å gjennomføra dette på ein forskriftsmessig måte

Sak 4 – Besøksdag, nye 1. trinn

- Vert ikkje gjennomført dette året grunna koronasituasjonen
- Lærarane vil laga ein presentasjonsvideo og senda til dei nye elevane

Nye FAU-representantar bør avklarast før sommaren.

Rektor kallar inn til første FAU-møte for skuleåret 2020/2021 til hausten.

Referent

Astri Stangeland, vara 1. trinn